

Oppsummering og fråsegn frå landmålar

Landmålar vurderer og gjev ev. kommentarar til: • løyve • rekvisisjonen • varsel om oppmålingsforretninga • førebuing av oppmålingsforretninga • oppmålingsforretninga • måle- og berekningsarbeid • fakturering • etablering/sletting av rettar • matrikullinglysing • utsending av matrikkelbrev • klagerett og fristar

Meland kommune har 16.12.2015 godkjent frådelling av parsell med påståande bustadhus frå gnr 24 bnr 52, administrativt vedtak, saknr 437/2015.

Oppmålingsforretning vart halde 20.01.2016. Ved forretninga møtte Terje Larsen for 24/52 og Olav Tore Fosse for 24/2 og 24/18. I tillegg til dei frammøtte, var også eigar av 24/3, 24/44, 24/74 og 24/75 varsla, men møtte ikkje. Eigar av 24/44 påviste 11.01.2016 fem krossar i fjell på sin eigedom, grensepunkt 44-1, 44-2, 44-4, 44-5 og 44-6. I tillegg vart ein samd om å bora ned eit nytt grensemerke i fjell i grensa mot bnr 2 som definerar bråtelaget, grensepunkt 44-3. Eigar av 24/2 var samd i at det vart sett ned eit nytt grensemerke her.

På oppmålingsforretninga vart Olav Tore Fosse og Terje Larsen samde å justera "trekanten" 44-5, 44-4, 140-1, 44-5 slik at dette arealet inngår i den nye parsellen. Arealet utgjer 12,7 m². Vidare var ein samde om å setja ned eit nytt grensemerke i sør-austre hjørne av 24/52 i grensa mot 24/18, grensepunkt 52-1.

Grensene for den nye parsellen er definert å gå i rette liner frå grensepunkt 140-1 via 140-2, 140-3, 140-4, 44-5, 44-4 og tilbake til 140-1.

Grensemålingane er utført med Topcon Hiper GNSS/CPOS og tilfredsstiller krava til nøyaktighet som er sett i eigedomsstandard.

Den nye parsellen har fått gnr 24 bnr 140 og er oppmålt til 1721.1 m².

Kommunen har matrikelført dei nye grensene. Grensene for 24/44 er også retta opp i samsvar med påviste krossar. Nytt matrikkelbrev for 24/44 vert sendt eigar.

Vidare er grensa mellom 24/18 og 24/52 retta opp ved denne forretninga.

Vi ber om at eigar av 24/52 og eigar av 24/2 og 18 godkjenner protokollen og grensejusteringa med underskrift og returnerar eit eksemplar hertil.

Når kommunen får tilbake melding frå tinglysinga, vil vi skriva ut nytt matrikkelbrev for 24/140 som vert sendt eigar. Forenkla matrikkelbrev vert sendt naboar.

I samsvar med matrikkellova §46 og reglane i forvaltningslova kap IV - VI kan det klagast på utføringa av forretninga og på matrikelføringa. Klagefristen er tre veker.

Eigar av gnr 24 bnr 52, 140 og eigar av gnr 24 bnr 2,18 godkjenner protokollen og grensejusteringa mellom dei to eigedomane. Ved justeringa har 24/52 fått overført 12,7 m² frå 24/2.

.....
Eigar av 24/2,18

.....
Eigar av 24/52, 140

Sted
Frekhaug

Dato
21.01.2016

Underskrift

T. Fosse